

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 14.03.2014
Sakhandsamar: **Hanne Løvereide Årstad**
Saka gjeld: **Sal av eigedommar ved Valen sjukehus i Kvinnherad kommune**

Arkivsak
2013/852
Styresak 045/14

Styremøte 02.04. 2014

Forslag til vedtak

1. Styret sluttar seg til sal av Gr.nr. 185/br.nr. 187, Ekelyvegen 2 og Valevegen 62 i Kvinnherad kommune.
2. Styret føreset at eigedomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av eigedomane.

Oppsummering

Helse Fonna eig to einebustader på Valen som dei ønskjer å selja. Bustadane har ein teknisk tilstandsgrad på 2¹, og ein må pårekna ein større rehabilitering dersom ein skal nærma seg dagens standard. Alder og tilstand gjer at føretaket i framtida ikkje ser for seg inntekter som står i forhold til dei kostnadene det er å drifta bustadane.

Administrerande direktør tilrår at det blir gitt tilslutning til sal.

Fakta

Styret i Helse Fonna gjorde i styremøte 8. november 2013 følgjande vedtak i sak 101/13A, Sal av eigedomar ved Valen sjukehus:

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av Ekelyvegen 2 og Valevegen 62 i Kvinnherad kommune
2. Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Saksførelegget for nemnde styresak 101/13A(Helse Fonna HF) følgjer vedlagt.

Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

Ekelyvegen 2 består av ein bustad og eit uthus. Bustaden har ein bokført verdi på kr 1 460 066,-. Uthuset har ein bokført verdi på kr 100.403,-. Samla teknisk tilstand er 2,06.

Valevegen 62 består av ein einebustad med ein bokført verdi på kr 2 572 536,-. Den tekniske tilstanden er på 2,00.

Helse Fonna har teke høgde for eit rekneskapsmessig tap ved sal av eigedomane.

Begge bustadane er registrert på same tomt. Det vil påløpe ein kostnad på kr 21 500,- for oppmåling og tinglysing når ein splittar eigedomen.

Begge bustadane har dei siste åra vore utleigd og leigetakarane er gjort kjent med at føretaket har til føremål å selja.

Helse Fonna opplyser at ein må pårekna ein større rehabilitering dersom ein skal nærma seg dagens standard. Alder og tilstand gjer at føretaket i framtida ikkje ser for seg inntekter som står i forhold til dei kostnadene det er å drifta bustadane.

¹ Tilstandsgrad er gitt etter NS 3424 med ein gradering frå tilstandsgrad 0 (beste tilstandsgrad) til tilstandsgrad 3 (svakeste tilstandsgrad)

Konklusjon

Administrerende direktør sluttar seg til dei vurderingar som er gjort av Helse Fonna og tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomane. Ein legg til grunn at eigedomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.

Vedlegg:
Styresak 101/2013 A Helse Fonna HF